

Overbeiting

Det er ikkje ofte ein har høve til å kontrollere påstandar som vert satt fram i kommentarspaltene. Eg vonar at presisjonsnivået som Preben Munthe presterte i spalta si den 18. juni, ikkje er typisk. Eg meiner Munthe burde vite følgande:

- Det var ikkje økonomar som sette namnet på «Almenningens tragedie». Det vart gjort av biologen Garret Hardin.
- Finnmarksvidda er ikkje almenning. Finnmarksvidda er (for det meste) «statens umatrikulerte grunn» i Finnmark.
- Verken på Finnmarksvidda eller andre stader i landet kan kven som helst sleppe ut dyr på beite. Dersom det er tale om å halde reinsdyr på beite, krevst det at eigaaren er av samisk ætt og har konseksjon frå reindriftsadministrasjonen.

Med omtrentlege kunnskaper om saka vert også konklusjonane omtrentlege. Dersom det var slik at modellen om almenningens tragedie skulle kunne nyttast på allmenningar i Norge, burde vel resonnementet i enno større grad gjelde for Hardangervidda. Hardangervidda er (for det meste) statsalmenning. Men førebels er det ikkje mange som hevdar at statusen som almenning har ført til overbeiting.

Det er ingen grunn til å tru at reineigarar på jakt etter beitet til dei andre reineigarane er noko vesentleg «forklaring» på overbeitinga. Om ein skal freiste presse forklaringa inn i ei setning, er det vel rimelegare å seie at overbeitinga er ein konsekvens av den velferds- og næringspolitikken staten førte fram til slutten av 80-talet. Sidan den gongen har det imidlertid vore i gang ein endringsprosess som synest peike i rett lei.

ERLING BERGE,
professor, NTNU

Kommentar til professor Preben Munthe sitt innlegg i Aftenposten 18 juni 1998